

Saksbehandlar: Karoline Bjerkeset
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/501-1

Oppfølging av reiselivsplanen - 2014

Fylkesdirektøren råar hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Handlingsplanen for 2014 vert godkjent, og lagt til grunn for reiselivssatsinga i 2014.
- 2 Styringsgruppa for reiselivsplanen får ansvar for å koordinere og samordne reiselivssatsinga i fylket i tråd med handlingsplanen.

Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen får fullmakt til å disponere reiselivsmidlar sett av til reiseliv gjennom budsjettet, restmidlar av budsjettmidlar frå 2013 og 2012 og midlar gjennom kompensasjonsordninga for høg arbeidsgivaravgift (post 61 eller såkalla INU-midlar). Dette gjeld 9,50 mill kr. frå budsjettet vedtatt av fylkestinget, 2,0 mill kr. av INU-midlar sett av til reiseliv for 2014 (med atterhald om godkjenning av INU-FSF-styret sin handlingsplan for 2014) og restmidlar av INU-midlar på til saman 1,093 mill. og overførte budsjettmidlar frå 2013 og 2012 på høvesvis kr. 1,044 mill kr og 450 000 kr.

Midlar som ikkje er knytt til konkrete tiltak i handlingsplanen slik den føreligg no vert forvalta i tråd med handlingsplanen for 2014.

Styringsgruppa for reiselivsplanen skal følgje same regelverk og rutinar som fylkeskommunen gjer i sitt ordinære arbeid når det forvaltar midlar. Styringsgruppa må unngå at utviklingsprosjekt vert parallellfinansiert med tilskot frå andre fylkeskommunale kjelder.

Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen skal levere halvårlege rapportar til hovudutvalet for plan og næring.

Styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen skal ha ansvar for å rapportere på all reiselivssatsing i regi av reiselivsplanen i fylket under eitt.

- 3 Fylkesdirektøren for næring får på vegne av styringsgruppa fullmakt i samråd med infrastrukturprogrammet til å tildele midlar til infrastrukturprosjekt når desse vert lyste ut. Utlysinga skal bygge på prioriteringar i reiselivsplanen og handlingsplan for 2014.

Fylkesdirektøren for næring får på vegne av styringsgruppa fullmakt til å tildele midlar til mindre reiselivstiltak etter søknad opp til 100 000 kr. Tildelingane skal leggast fram for styringsgruppa til orientering.

- 4 Fylkesdirektøren for næring får på vegne av styringsgruppa fullmakt til å følgje opp desse midlane avsett til reiseliv i budsjettet for 2014:
 - Midlar til reiselivstilbod på Sognefjorden i tråd med handlingsplanen.
 - Løyvinga på 3,0 mill kr og tilhøyrande avtaler med destinasjonsselskapa.

- Løyvinga på kr. 350 000 til Norwegian Center og Expertise (NCE) Tourism Fjord Norway og tilhøyrande avtale.
- Løyvinga på kr. 800 000 til bulystprosjektet «Møteplass og kunnskapsbase for ekstremsport».

- 5 Løyvinga til Fjord Norge er på 4,0 mill kr. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følge opp avtalen.
- 6 Fylkesdirektøren for næring får fullmakt til å supplere styringsgruppa for reiselivsplanen med dei medlemmer/organisasjonar som er naudsynte.

Vedlegg:

Rapport for 2013
Handlingsplan 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Denne saka omhandlar rapportering frå arbeidet med oppfølging av reiselivsplanen for 2013 og handsaming av handlingsplan og budsjett for 2014.

2. Bakgrunn

Tidlegare vedtak

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane vart vedteken i FT-sak 31/10. Vidare fekk fylkesdirektøren for næring i HPN-sak 79/10 fullmakt til å setje i gang arbeidet med oppfølginga av planen. I FT-sak 64/11 vart det vedteke at styringsgruppa for oppfølging av reiselivsplanen (SG) skal frå 2012 levere ein handlingsplan for bruk av midlar som samla er løyvd til reiselivsarbeid. Føremålet er å få samla og koordinert reiselivsarbeidet i fylket for å sikre godt koordinert og samla innsats for å nå felles mål om auka verdiskaping i reiselivsnæringa i fylket. Basert på handlingsplan og rapport frå førre år vil hovudutvalet for plan og næring tildele midlar til SG. SG skal rapportere tilbake til hovudutvalet for bruk av midlane.

Styringsgruppa har utarbeidd ein handlingsplan som syner bruk og fordelinga av midlar på tiltak i komande år, basert på dei mål og strategiar som ligg til grunn i reiselivsplanen, kunnskap om reiselivsnæringa gjennom fagrapportar, dei erfaringar som er gjort i førre år og utviklinga i næringa på generell basis.

I tillegg til reiselivsplanen, handlingsplanen for det einskilde år, vil og avtala om samarbeid på reiselivsfeltet mellom den offentlege regionale partnerskapen og bestillingsbrevet frå fylkeskommunen og Innovasjon Norge ligge til grunn for det samla reiselivsarbeidet.

Det er inngått toårige avtalar med destinasjonsselskapa som eit verkemiddel for gjennomføringa av reiselivsplanen.

Reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane

Reiselivet i Sogn og Fjordane deler dei dei same utfordringane som resten av reiselivet i landet. Næringa er generelt prega av mangel på heilårsarbeidsplassar, låg kompetanse og høg arbeidsintensitet i forhold til inntening. Næringa i Sogn og Fjordane er vidare prega av mange små aktørar som i stor grad driv med låg margin og som ikkje har tilstrekkelege finansielle musklar til å utvikle seg vidare. Næringa er og i høgste grad prega av at fylket er eit distriktsfylke der bedriftene ikkje har noko stor lokal marknad å tene pengar på og der dei ikkje har noko større kurs- og konferansemarknad slik som til dømes dei store byane. Vidare er segmentet av opplevings- og aktivitetsbedrifter enno tidleg i utviklinga slik at ein ikkje får utløyst fullt ut dette potensialet som ein del av eit samla reiselivstilbod.

Kommunikasjonsmessig er Sogn og Fjordane eit fylke som bestandig vil måtte basere seg på individuell transport, men det må gjerast eit arbeid for å bygge opp ein infrastruktur som støttar opp under våre hovudattraksjonar og hovudreisemønster som samstundes tek opp i seg at reisemønstra er i endring.

2013 ser ut til å verte eit år med svak nedgang i tal gjestedøgn. Det vart spådd å verte eit vanskeleg år, slik sett er ikkje nedgangen uventa. Dei viktigaste marknadane for Sogn og Fjordane har hatt nedgang, noko som gjev utslag på statistikkane. Likevel er det positive tilbakemeldingar frå tiltak vert gjort gjennom oppfølginga av reiselivsplanen som til dømes nettverksarbeidet i regi av Innovasjon Norge og gode resultat frå ulike infrastrukturprosjekt og attraksjonar.

Rapport 2013

Reiselivsplanen arbeider mot å nå tre mål; auka verdiskaping i næringa, auka tal gjestedøgn og eit berekraftig reiseliv. Som rapporten syner (vedlagt saka), syner årets tal at utviklinga ikkje er heilt positiv og så tydeleg som ein ynskjer.

Likevel meiner styringsgruppa at det er verdt å merke seg dei positive delane av biletet som at det er ei positiv utvikling når det gjeld skuldervesong og vintertrafikk, noko som heng i hop med dei tilbakemeldinga ein får frå næringa og dei aktivitetar som det vert arbeidd med. Vidare er arbeid med å utvikle reiselivsnæringa eit arbeid som krev lang tidshorisont for å sjå reelle resultat. Det er eit auka fokus på profesjonalisering og utvikling av aktivietsbasert turisme, noko ein ser av dei utviklingsprosjekta som har fått tildeling av dei utlyste midlane til infrastruktur. Dette er ei utvikling som og er i tråd med nasjonale strategiar. NCE Tourism Fjord Norway er klyngeprosjektet for reiselivsnæringa på Vestlandet som og har fokus på utvikling av aktivitetsturisme og kompetanseheving for næring for å styrke profesjonaliteten og kvaliteten på tilboda.

Styringsgruppa gjer merksam på at dei statistikkar som rapporten byggjer på, ikkje er endelege og det endelege resultatet kan difor vere noko annleis. Vidare er overnattingsdata ikkje direkte samanliknbare for tidlegare år i og med at rapporteringssystemet har blitt lagt om. Det er difor statistikk knytt til hotellovernattingar som kan nyttast for å sjå utviklinga i år.

Ein viktig strategi i arbeidet med å nå måla er å få til auka samhandling. Dette er viktig mellom dei ulike næringsaktørane sjølv, men og mellom dei ulike aktørane som spelar ei rolle i reiselivsutviklinga og næringsaktørane.

Organisatorisk har arbeidet med gjennomføring av reiselivsplanen tatt si form, men framleis er det forbetningspunkt når det gjeld kommunikasjon om arbeidet ut til næring og til dømes kommunar. Vidare skal styringsgruppa vere eit strategisk og koordinerande organ, men ein ser at mykje tid har gått til detaljdiskusjonar kring søknader til dømes. Dette vil ein gjere noko med

i 2014. Dei ulike programma/gruppene fungerer godt og har funne si form. Det vil vere viktig at fylkeskommunen som leiav arbeidet har ein god koordinerande funksjon mellom dei ulike aktørane og partnerane.

Ein har gjennomført stort sett dei tiltak og aktivitetar som var planlagde og budsjettert for i 2013. Nokre tiltak har ikkje blitt gjennomført fordi ein har sett at desse var uaktuelle eller av kapasitetsgrunnar. Fleire tiltak er av langsiktig art som vil halde fram i 2014 som ein del av strategiane og nokre tiltak som ikkje vart gjennomført i 2013, er med i handlingsplanen for 2014. I år har ein gjennomført utlysing av midlar til infrastruktur, noko som må seiest å vore gjennomført godt. Det har vore arbeidd godt ute i næringa og blant dei ulike aktørane om å få til gode utviklingsprosjekt som kan vere med på å auke verdiskaping og gjestedøgn. Styringsgruppa har prioritert dei større prosjekta der det er lagt vekt på å skape gode opplevingstilbod gjennom styrka infrastruktur. Her kan nemnast mellom anna Reisemål Stryn og Nordfjord AS sitt samarbeidsprosjekt i Nordfjord med å bygge opp Nordfjord som ein sykkeldestinasjon for heile familien. Dette er eit prosjekt som er i tråd med kva turistane ynskjer seg, som tek i bruk eksisterande ressursar og fasilitetar og bygger opp under Sogn og Fjordane som eit attraktivt reisemål for opplevingar knytt til naturen. Vidare er det spennande prosjekt på gang som kombinerer reiseliv og kulturattraksjonar. Fylkesdirektøren har i sine tilsegnsbrev lagt vekt på at tilskota er utviklingstilskot og at infrastruktur som vert støtta må vere berekraftig med omsyn til at målet må vere å oppretthalde og vedlikehalde denne infrastrukturen etter at den offentlege støtta fell vekk.

Det kan vere verdt å merke seg tiltaket knytt til båttrutetilbod på Sognefjorden som fylkestinget løyvde midlar til over ein fireårsperiode frå 2011. Fylkesdirektøren har fulgt dette tett og oppfølginga av dette tiltaket har synt at framdrifta av tiltaket ikkje har blitt slik ein sette seg mål om. Fylkesdirektøren har difor i tråd med fullmakt gjeve av HPN i fjor, redusert løyvinga for gjennomføring av tiltaket for 2013 og varsla reduksjon for 2014.

Styringsgruppa syner elles til rapporten som føreligg for 2013.

Handlingsplan 2014

Som nemnd ovanfor, vil mange av aktivitetane frå tidlegare år, verte vidareført då desse vert sett på å vere dei viktigaste tiltaka for å nå måla i reiselivsplanen. Strategiane som er peika på i reiselivsplanen legg rammene for tiltaka. Handlingsplanen for 2014 syner mål, strategiar og tiltak som SG ynskjer å setje i gang eller halde fram med i 2014.

I 2013 starta arbeidet opp med eit større samarbeidsprosjekt om å få til eit forskingsprogram inklusiv ei masterutdanning knytt til reiseliv. Dette vil på lengre sikt bygge opp eit større og meir robust kunnskapsmiljø i fylket som støttar opp under reiselivsnæringa og kan vidareutvikle denne. Det er per i dag ein del forskning relatert til reiseliv, men utfordringa er å få denne kunnskapen inn til næringa og at den vert brukt av næringa til å utvikle seg i riktig retning. Dette har ikkje kome i gang grunna utfordringar med å skaffe privat finansiering. Det er likevel eit viktig tiltak som må halde fram for å legge eit stabilt grunnlag for reiselivsnæringa i fylket.

Sogn og Fjordane skal vere eit reisemål som kombinerer natur og aktivitet, og det er viktig at ein nyttar samspelseffektar med tilgrensande område som friluftsliv og folkehelse. Vidareføring av Sogn og Fjordane si deltaking i det landsomfattande merkeprosjektet i regi av Gjensidigestiftinga er døme på ei slik samspelseffekt. Frivillige lag og organisasjonar merkar og graderer stiar først og fremst for å auke tilgjengelegheita for lokale innbyggjarar, men dette kjem og reiselivsnæringa til gode gjennom at den enkelte stad vert gjort meir tilgjengeleg. Vidare er det viktig at dei infrastrukturprosjekta som har fått midlar vert følgt godt opp og destinasjonsselskapa spelar ei viktig rolle i å koordinere lokal aktivitet og vere ein pådrivar i sine område for å kople dei ulike næringsaktørane.

Styringsgruppa peikar på at god kommunikasjon og god koordinering er vesentleg for å kunne få ut samspelseffektar. Styringsgruppa vil særskilt arbeide med å kople viktige sektorar som samferdsle og kultur saman med arbeidet med reiselivsplanen. Vi er eit rikt kulturfylke som må nytte våre kulturattraksjonar betre inn i reiselivsutviklinga. Her spelar musea ei viktig rolle i tillegg til alle dei arrangement og festivalar som går føre seg i fylket.

Berekraft er ein stadig viktigare del av tenkinga rundt reiseliv. Fylkeskommunen leiar eit prosjekt med støtte frå Regionalt forskingsfond Vestlandet som skal sjå på korleis ein betre kan implementere berekraft i reiselivsutviklinga. Dette prosjektet kan moglegvis gje nokre konkrete svar på dette når prosjektet er ferdig i 2015.

Det vert elles synt til handlingsplan med tilhøyrande budsjett for 2014.

3. Vurdering og konsekvensar

Ein har kome godt i gang med operativt arbeid i reiselivsplanen og mykje vil halde fram slik det har gjort dei to siste åra. Fylkesdirektøren meiner det er naudsynt å løfte vekk delar av detaljert arbeid frå styringsgruppa som mindre løyvingar for å sikre at styringsgruppa brukar tida på dei strategiske diskusjonane og koordineringsfunksjonen. Vidare er det viktig å kople infrastrukturprogrammet tett til utviklinga av infrastrukturprosjekt. Avtalane med destinasjonsselskapa som fylkestinget handsama før jul 2013 er eit godt verkty for å sikre regional og lokal medverknad i oppfølgingsarbeidet.

Midlar som ikkje er bundne opp til konkrete tiltak så langt, bør vere disponible for styringsgruppa. Det kan vere trong for analysar eller at det kjem initiativ av større art som det vil vere viktig for styringsgruppa å ta del i. Styringsgruppa bør ta ein diskusjon om det skal vere meir midlar som vert lyst ut til infrastruktur, då vi veit at behovet er stort. Dette må gjerast i tett samråd med infrastrukturprogrammet.

I handlingsplanen er det lagt opp til fleire arenaer for informasjonsdeling og koplingar mellom ulike sektorar og det vil difor vere sannsynleg at midlar må vere disponible for dette. Vidare vil det vere trong for midlar i samband med merkeordninga for berekraftige destinasjonar om ein kjem i gang med dette på operativt plan allereie i år. Styringsgruppa skal elles følgje opp Vestlandsrådet sin reiselivsstrategi og følgje utviklinga av gjennomføring av den nasjonale reiselivsstrategien. Det er initiativ i fylket der resultatet kan bli at vi færre destinasjonsselskap. Dette er i tråd med kva fylket har signalisert tidlegare og kva nasjonal strategi legg opp til. Det vil vere viktig at fylkeskommunen støttar opp om slikt arbeid.

Midlar til båtrutetiltak på Sognefjorden som omtala ovanfor, er sett til 400 000 for 2014 og HPN har i budsjettet for 2014 der det var sett av 800 000 kr fått mynde til å handsame desse midlane. Dette vil vere ei nedtrapping av tilskotet slik som fylkestinget skisserte i 2011-budsjettet då berre eitt tiltak vil verte gjennomført og ikkje to slik som låg føre i planane då fylkestinget handsama budsjett- og økonomiplan i desember 2010. Fylkesdirektøren legg opp til at dei midlane som ikkje vart nytta i 2013 og ikkje vert nytta i 2014, vert lagt inn i oppfølginga av reiselivsplanen for 2014.

4. Tiltråding

På bakgrunn av rapport og handlingsplan som føreligg og dei prioriteringar som styringsgruppa for reiselivsplanen har gjort, meiner fylkesdirektøren at dette gjev eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med reiselivsplanen i Sogn og Fjordane.